



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

---

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs	476 79 967	2022/1506-41	«REF»	24.06.2022

## Møtereferat, tilkomst til eigedom 83/65 - Detaljregulering for Heradstun omsorg- og bustadsenter

**Tid og stad:** 20.06.2022 - Rådhuset

**Tilstades:** Torbjørn Solheim, Kari Holm  
Rune Helland, Anne-Lise Næs

---

### Saker:

Det vart halde møte for å drøfte ev. ny tilkomst til eigedom 83/65. Dette i samband med detaljregulering for Heradstun omsorg- og bustadsenter, og då Holm/Solheim bad om møte.

### Solheim orienterte:

Solheim orienterte ut frå endringa som er føreslått for Heradstun, og meiner endringane vil gje dei ulike utfordringar. Dei sakna også å bli involvert i prosessen med omsyn til dei endringar som er føreslått, og har venta på informasjon.

Solheim meiner den føreslåtte tilkomsten vil fungere dårlegare for dei, og vil medføre vanskar med å kome til og med å snu. Dei ynsker difor tilkomst til eigedommen sin via Heradstun slik som dei har i dag. Dei påpeikar at parkeringsplassen som dei har i dag også vil bli øydelagt dersom vegen skal leggjast om som føreslått.

Illustrasjon som plandokumenta skisserer pr. i dag:



Solheim er elles bekymra for sikt ved utkøyringa i Baronivegen ved ei eventuell omlegging av tilkomsten, og ynskjer at kommunen prøver å tilrettelegge slik at dei ikkje mister noko av den kvaliteten dei har i dag.

**Administrasjonen orienterte** om si vurdering så langt i prosessen, og at hensikta med omlegginga var at eigedommen skulle få si eiga tilkomst, og sleppe å køyre rundt heile Heradstun for å kome til sin eigedom. For å få dette til så har forslagsstillar så langt føreslått at eigedom 83/65 får litt areal frå kommunen sin eigedom for å etablere ny veg. Administrasjonen ser likevel at snuarealet kan bli noko knapt og at den nye tilkomstvegen kan verta litt bratt. Administrasjonen ser også at dialogen med grunneigarar kunne ha vore noko tydelegare, og orsakar eventuelle misforståingar. Administrasjonen er likevel ikkje bekymra for sikta mot Baronivegen då dette vert teke i vare av dei regulerte siktlinjene.

#### **Me drøfta:**

Me drøfta situasjonen og utfordringa, og Holm/Solheim var tydelege på at dei ikkje ville akseptere denne nye føreslåtte løysinga, og ikkje ynskjer arealet frå kommunen. Dei ynskjer ikkje å måtte opparbeide seg ny veg, og ser ikkje korleis dei skal få plass til å snu på eiga tomt eller å ha plass til gjesteparkering.

Administrasjonen tar innspela med seg i det vidare arbeidet med planen.

Med helsing

Anne Lise Næs  
Planleggjar off. planforslag

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

**Kopi til:**

**Rune Helland**

**Rosendalsvegen 10**